



# Volda kommune

## PLANOMTALE

---

DETALJREGULERINGSPLAN FOR VOLDA UNGDOMSSKULE

PLAN ID 2019005

02.12.2019

## Innhald

1. Bakgrunn.....	2
1.1. Tiltakshavar og eigarforhold.....	2
1.2. Krav om konsekvensutgreiing.....	2
2. Planprosess.....	2
2.1. Oppstartsmøte .....	2
2.2. Forvarsling .....	2
2.3. Medverknad .....	3
3. Planstatus og rammer .....	3
3.1. Gjeldande plan .....	3
3.2. Kommuneplanen sin arealdel.....	4
3.3. Rikspolitiske retningslinjer for styrking av barn og unge sine interesser i planlegging: .....	4
4. Skildring av planområdet.....	5
4.1. Lokalisering.....	5
5.2 Staden sin karakter.....	5
4.2. Landskap.....	6
4.3. Kulturminne og kulturmiljø .....	6
4.4. Naturverdiar .....	6
4.5. Rekreasjonsverdiar .....	6
4.6. Landbruk/skogbruk .....	6
4.7. Trafikkforhold og vegstandard .....	7
4.8. Teknisk infrastruktur .....	8
4.9. Luftforureining.....	8
4.10. Støy.....	8
4.11. Radon.....	9
4.12. Skredfare .....	9
4.13. Parkering.....	9
4.14. Universell utforming.....	9
4.15. Estetikk i planområdet.....	9
4.16. Naturmangfaldslova .....	9
4.17. Born og unge sine interesser.....	9
4.18. Renovasjon .....	10
4.19. Risiko- og sårbarheitsanalyse .....	10
4.20. Rekkefølgekrav .....	10
4.21. Økonomiske konsekvensar for kommunen.....	10

5.	Skildring av planforslaget .....	10
5.1.	Planlagt arealbruk.....	10
5.2.	Arealføremål.....	10
5.3.	Skildring av løysing .....	10

## 1. Bakgrunn

Dagens Volda ungdomsskule sto ferdig i 1960 og behovet for eit nytt skulebygg er stort. Bygget står på kommunal grunn og eigedomen utgjer om lag 18 daa. Formålet med planarbeidet er å erstatte dagens gjeldande reguleringsplan frå 1952 med ein ny reguleringsplan og dermed leggje til rette for etablering av eit nytt skulebygg. Dagens ungdomsskule skal rivast når nytt skulebygg er ferdig og teke i bruk. Planen legg også til rette for at det kan etablerast kulturhus i planområdet.

Reguleringsplanen vert fremja som ein detaljreguleringsplan jf. plan- og bygningslova § 12-3. Planforslaget er vurdert etter «Forskrift om konsekvensutgreiing» etter plan- og bygningslova. Kommunen har ved oppstart av planarbeidet og gjennom utarbeiding av planen konkludert med at planlagde tiltak ikkje har vesentlege konsekvensar for miljø og samfunn, og at konsekvensanalyse ikkje er naudsynt i denne saka.

### 1.1. Tiltakshavar og eigarforhold

Volda kommune står som tiltakshavar til forslag om ny reguleringsplan for Volda ungdomsskule. Eigedomane som er omfatta av reguleringa er gnr. 19, bnr. 164 og bnr. 251. Eigedomane er eigd av Volda kommune.

### 1.2. Krav om konsekvensutgreiing

Tiltaket er vurdert etter «Forskrift om konsekvensutgreiing» etter plan- og bygningslova. Tiltaket er vurdert å vere utan vesentleg verknad for miljø og samfunn, og er i samsvar med gjeldande reguleringsplan og forslag til ny kommuneplan. Tiltaket skal ikkje leggje til rette for nybygg over 15.000 m<sup>2</sup>. Ein konkluderer difor med at tiltaket ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing og planprogram.

## 2. Planprosess

### 2.1. Oppstartsmøte

Det har ikkje vore halde formelt oppstartsmøte sidan kommunen er tiltakshavar og står for planarbeidet. Det har heller ikkje vore politisk vedtak om oppstart av planarbeidet, då arealføremålet ein ønskjer å regulere for er i samsvar med gjeldande kommunedelplan for Volda Sentrum.

### 2.2. Forvarsling

Oppstart av planarbeid vart varsla med annonse i lokalavisa *Møre* og kunngjort på Volda kommune sine heimesider. I tillegg har naboar og gjennbuarar til planområdet, samt regionale mynde blitt

varsla i eige brev. Frist for innspel vart sett til 7. november 2019. Det kom inn fem brev med innspel til varsel om oppstart. Desse ligg vedlagt.


### 2.3. Medverknad

Planprosessen skal leggjast opp slik at ein stettar krava etter plan- og bygningslova kapittel 5 og 12. I løpet av høyringsperioden (offentleg ettersyn av planforslaget) skal det haldast informasjonsmøte med naboar. I tillegg skal det haldast informasjonsmøte med representantar for elevrådet ved Volda ungdomsskule og ungdomsrådet i Volda, samt FAU og SU. Møta skal leggjast til rette slik at dei ulike interessegruppene får høve til å stille spørsmål å delta i diskusjon.

## 3. Planstatus og rammer

### 3.1. Gjeldande plan

Området er i kommunedelplan for Volda Sentrum (plan ID 2007010, figur 1) sett av til offentlig bygning. Ein mindre del av planområdet er sett av til bustadformål. Området er også regulert i reguleringsplan for Folkeskuletomta Røysbakken (plan ID 1952001) til skuleområde.



Figur 1: Utsnitt frå kommunedelplan for Volda Sentrum. Det raude området syner dagens ungdomsskuleområde og er sett av til offentlig bygg. Gule område er sett av til bustadformål. Svart stipla linje kring skuleområdet syner plangrensa for ny reguleringsplan.



Figur 2: Utsnitt frå reguleringsplan for Folkeskuletomta Røysbakken.

### 3.2. Kommuneplanen sin arealdel

Volda kommune arbeider med utarbeiding av ny arealdel for kommuneplanen. Planforslaget har vore på offentleg ettersyn i 2019, men planen er ikkje vedteken. I planforslaget er området avsett til formålet «offentleg eller privat tjenesteyting» (BOP40).

### 3.3. Rikspolitiske retningslinjer for styrking av barn og unge sine interesser i planlegging:

For det aktuelle planområdet er det spesielt punkt 5 i rikspolitiske retningslinjer for styrking av barn og unge sine interesser i planlegging som går på krav til fysisk utforming. Det er her

skreve:

*«Følgjande skal visast spesiell merksemd:*

*a. Areal og trafikkanlegg som skal brukast av barn og unge skal vere sikra mot forureining, støy og trafikkfare.*

*b. I nærmiljøet skal det finnast areal der barn kan utfolde seg og skape sitt eige leikemiljø. Det føreset blant anna at areala: er store nok og eigner seg for leik og opphald, gir moglegheiter for ulike typar leik på ulike årstider, kan nyttast av ulike aldersgrupper, og gir høve for samhandling mellom barn, unge og vaksne».*

## 4. Skildring av planområdet

### 4.1. Lokalisering


Planområdet omfattar dagens skuleområde for Volda ungdomsskule, og kommunal eigedom i tilknytning til skulen. Området ligg i det som blir vist til som midtre sentrumssone i forslag til ny arealdel. Planområdet får vidareført bruken som er avsett i utkastet til ny arealdel. Endringa i forhold til vedteken kommunedelplan for Volda sentrum er at den smale stripa lengst sørvest som er avsett til bustadføremål vert regulert til undervisningsformål.



Figur 3: Planområdet vist med svart stipla linje. Plangrensa fyl eigedomsgrensene mot nordvest. Mot nordaust og sør er plangrensa lagt mot kommunal veg.

### 5.2 Staden sin karakter

Planområdet ligg sentralt i Volda og i nær tilknytning til høgskulen i Volda, samt Øyra barneskule. Det er kringliggjande småhusbusetnad mot sør, vest og nord. Mot nordaust ligg meir konsentrert bustadutbygging i området mellom ungdomsskulen og høgskulen. Planområdet har i dag eit skulebygg og to tilhøyrande gymsalar. Sjølve skulebygget husar klasserom, sløyd og formingsrom med meir. I tillegg er det innandørs skytebane og eit klekkeri for laks i kjellaren på skulebygget. Skuleområdet sitt uteområde er relativt stort, og er på om lag 10 daa. Av dette er om lag 5 daa opparbeidd uteareal, men store delar av dette er dekt med asfalt og det er store behov for etablering av nytt uteopphaldsareal i tilknytning til nytt skulebygg etter meir moderne standard som gjer det mogleg med meir variert uteaktivitet og leik.



Figur 4: Oversiktskart for Volda sentrum og skuleområdet.

#### 4.2. Landskap

Terrenget på skuleområdet kan grovt delast i to. Nordleg og austleg del er flatt terreng med opparbeidd uteareal og bebyggelse. Mot vest er det ei skråning som utgjør gamal marbakke frå tidlegare havnivå. Denne er ikkje opparbeidd, med unntak av ein ballbinge lengst sør. Bakken er elles dekt med gras og stadeigen vegetasjon (lauvskog).

#### 4.3. Kulturminne og kulturmiljø

Det er ikkje registrert kulturminne eller kulturmiljø innanfor planområdet.

#### 4.4. Naturverdiar

Det er ikkje registrert spesielle naturverdiar innanfor planområdet.

#### 4.5. Rekreasjonsverdiar

Planområdet er i dag nytta til skule med tilhøyrande gymsal og uteopphaldsareal. Gymsalane vert også nytta på ettermiddag og kveld i samband med aktivitet frå ulike lag. Ein kjenner ikkje til om uteområdet vert nytta i organisert aktivitet utanom skuletid, men særleg ballbingen er truleg nytta.

#### 4.6. Landbruk/skogbruk

Det er ingen form for landbruk eller skogbruk i planområdet.

#### 4.7. Trafikkforhold og vegstandard

Området har tre moglege tilkomstlar for køyretøy i dag. Dette er frå Elvegata (E39) i aust, Anders Vassbotnveg i vest og Porsemyrvegen i nord. Tilkomsten frå Elvegata og Porsemyrvegen har opparbeidd gangveg. Porsemyrvegen er nyleg oppgradert og har fått ei busslomme/avstigingslomme i krysset til Øyra skule. Anders Vassbotnveg har berre delvis gangveg langs nedre del. Denne kryssar med Røysbakken som er stengd for gjennomkøyring. Røysbakken har ikkje fortau/gangveg. Dei nemnde vegane har gatelys, men Anders Vassbotnveg har ei noko tynn dekning (figur 5).


For gåande og syklende er forholda langs Elvegata relativt gode. Her er gang og sykkelveg frå aust og søraust frå Elvadalen. Frå Elvegata kjem ein inn på Porsemyrvegen. Utfordringa her er at ein må krysse denne vegen ved Ungdomsskulen utan fotgjengarfelt. Det same gjeld om ein kjem frå nord langs Porsemyrvegen. Her er fortau, men ikkje fotgjengarfelt for å krysse vegen. Frå vest er det som skildra over ikkje gangveg langs heile Anders Vassbotnveg. Langs Røysbakken er det heller ikkje fortau, men vegen er stengd for gjennomgangstrafikk (gjeld køyretøy).



Figur 5: Oversikt over vegar som leiar inn til skulen og planområdet. Gatelys er markert med svarte prikkar.

Reguleringsplan for Jopllassen – Volda Campus Arena (plan ID 2017002) regulerer arealet knytt til utbygginga av VCA. Her er det regulert fortau gjennom campusområdet, gjennom Røystunvegen og ned til ungdomsskulen (figur 6).





Figur 6: Reguleringsplan for Joplassen- Volda Campus Arena. Her er det regulert fortau langs Røystunvegen frå Campus området til krysset til Porsemyrvegen.

#### 4.8. Teknisk infrastruktur

Vassforsyning, avlaup og overvatn skal knytast til offentleg leidningsnett. Det er i føresegnene til planframlegget opna opp for at det innanfor planområdet kan setjast opp mindre naudsynte bygningar til føremål som trafo, VA-anlegg og andre kommunaltekniske bygg etter behov.

Det skal utarbeidast VA-rammeplan etter krava i PBL § 1-6, kap. 20 for området. Det skal leggjast til rette for fordrøying av overvatn.

#### 4.9. Luftforureining

Planområdet er ikkje særskilt utsett for luftforureining

#### 4.10. Støy

Det er ikkje gjennomført støyberekningar innanfor planområdet. I forhold til vegstøy frå E39 ser ein i GISLINK at planområdet ligg utanfor registrerte støysoner.

#### 4.11. Radon

Det er utført radonmålingar på dagens Volda ungdomsskule. Resultata frå målingane ligg under kravet på 100 Bq/m<sup>3</sup>.

#### 4.12. Skredfare

Området er ikkje utsett for skredfare, jf. plansjekk i GISLINK.

#### 4.13. Parkering

Dagens ungdomsskule har parkeringsplassar langs den delen av skulebygga som går parallelt med Porsemyrvegen (aust og nordaust for bygget). Det er også nokre parkeringsplassar langs sørleg del av bygget. Nytt parkeringsareal skal plasserast innanfor planområdet. Plasseringa skal kome fram av situasjonsplan. Det skal etablerast minst 0,25 parkeringsplassar per tilsett, jf. utkast til ny arealdel (§ 2.12.1). Minst 10% av parkeringsplassane i planområdet skal vere opparbeidde med ladepunkt for elbil og det skal leggjast til rette med naudsynt infrastruktur for at resten av parkeringsplassane kan få ladepunkt i framtida, jf. utkast til ny arealdel 2019-2030 (§ 2.12.2). Ein legg til grunn at det skal vere opparbeidd og reservert minst to parkeringsplassar for personar med nedsett funksjonsevne. Dersom det innanfor planområdet vert opparbeidd meir enn 50 parkeringsplassar skal minst fire vere opparbeidde og reservert personar med nedsett funksjonsevne, jf. parkeringsforskrifta § 61.

#### 4.14. Universell utforming

Ein syner her til plan- og bygningslova § 1-1 og § 29-3, samt krava i TEK 17 til universell utforming. Krava gjeld for både bygningar og uteområda.

#### 4.15. Estetikk i planområdet

Bygningar skal få ei god terrengtilpassing ut frå omsynet til god arkitektonisk utforming, visuell kvalitet og tryggleik. Byggverk skal plasserast slik at det vert teke omsyn til lys- og solforhold.

#### 4.16. Naturmangfaldslova

§ 8-12 i naturmangfaldslova omhandlar kunnskapsgrunnlaget, føre-var-prinsippet, den samla belastninga på økosystemet, kostnadar ved miljøødelegging og miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar. Store delar av planområdet er allereie utbygd, og planområdet er eit sentrumsnært areal. Ein vurderer det difor til at paragrafane ikkje vert gjeldande i denne saka.

#### 4.17. Born og unge sine interesser

Planområdet er eit skuleområde for ungdomstrinna og har i dag relativt stort uteopphaldsareal. Ved etablering av ny skule skal nytt uteopphaldsareal leggje til rette for variert aktivitet og lek for denne aldersgruppa. Det skal også leggjast vekt på å lage gode møteplassar, både innandørs og på uteareala.

#### 4.18. Renovasjon

Det skal settast av eige område for renovasjon i situasjonsplan. Det skal leggjast vekt på god funksjon og trafikktryggleik i samband med henting av avfall.

#### 4.19. Risiko- og sårbarheitsanalyse

Risiko- og sårbarheitsanalysen (ROS) som er utarbeidd er ført i skjema/sjekklista frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Denne ligg vedlagt.

#### 4.20. Rekkefølgjekrav

Det vert stilt krav om utarbeiding av VA-sammeplan, samt situasjonsplan og utomhusplan. Desse skal føreligge seinast ved søknad til byggjesak. Reguleringsplanen legg ikkje føringar for plassering av bygg innanfor planområdet, men det er gitt ei byggjegrense i planområdet. Det skal utarbeidast ei sol-/skuggeanalyse seinast i samband med søknad til byggjesak.

#### 4.21. Økonomiske konsekvensar for kommunen

Realiseringa av ny Volda ungdomsskule gjev vesentlege kostnader for Volda kommune. Investeringane er knytte til nybygg, men også riving av eksisterande skulebygg og gymsalar. I tillegg kjem opparbeiding av nytt uteareal (skuleplass) og etablering av ny parkering på området.

## 5. Skildring av planforslaget

### 5.1. Planlagt arealbruk

I denne planen vert arealformålet sett til offentleg og privat tjenesteyting, med underformålet «undervisning». Formålet legg til rette for etablering av nytt skulebygg med tilhøyrande uteareal og parkering. I tillegg opnar føresegnene for at det kan etablerast kulturhus i planområdet. Planområdet er svært konsentrert, og inkluderer dagens kommunale eigedom som skulen står på. Tilkomstvegar er ikkje inkludert i planområdet, då ein ønskjer å nytte eksisterande infrastruktur (tilkomstvegar) og fokusere på nytt skulebygg med tilhøyrande uteareal.

### 5.2. Arealføremål

Bygningar og anlegg (pbl. § 12-5, nr. 1)


- Undervisning

### 5.3. Skildring av løysing

Offentleg og privat tjenesteyting


Her kan det tillatast bygningar for skule og undervisning med tre etasjar. Nytt skulebygg skal dimensjonast for 360 elevar. Utnyttingsgrada er sett til 80%. Medrekna i utnyttingsgrad er

bygningar, opparbeidd leike- og uteopphaldsareal og parkering. Eksisterande bygningar på området er regulert fjerna. Skulebygget vil verte rive når nytt bygg er teke i bruk.



Figur 7: Illustrasjon av korleis eit nytt skulebygg kan sjå ut (her samanlikna med dagens bygg).

Som del av søknad om tiltak i planområdet skal det utarbeidast situasjonsplan og utomhusplan for heile planområdet. Desse skal syne tomtegrenser, bygningar, leike- og uteopphaldsareal og parkering for køyretøy og sykklar. Planen skal også syne tilkomstveggar for køyretøy og mjuke trafikantar, i tillegg til eventuelle murar, gjerder, skråningar, plass for snølagring og drenering. Plassering og høgde på bygningar skal synast med terrengsnitt med høgder på tilstøytande/kringliggjande bygningar og terreng. Takvinklar, møneretningar og etasjetal på planlagde bygningar skal synast i snitta.



Figur 8: Illustrasjon av nytt skulebygg etter at eksisterande bygningar er rive.